



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato:

02.10.2019

Vår ref:

2019/19008

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

## Tilskot til tiltak mot vestamerikansk hemlokk i Lindås 2019

---

**Etter avtale får Lindås kommune kr. 20.000 til vidare tiltak mot vestamerikansk hemlokk.  
Tilskotet blir utbetalt til dykkar konto med det første. Det er knyttt vilkår til tilskotet.**

---

Vi viser til telefonsamtale med Lindås kommune v/Kjartan Nyhammer, den 30. september, der vi drøfta behov for tilskot til pågående tiltak mot vestamerikansk hemlokk i Lindås.

Vestamerikansk hemlokk er eit nordamerikansk treslag som i Norge er planta som forsøkstre i skogbruket og som prydtre i hagar og parkar. I Lindås er arten først og fremst planta for skogbruksformål, men lågt kvantum, varierande vyrkeskvalitet og låge prisar, gjer at hemlokk i dag er lite interessant som produksjonstre i skogbruket. Det står mindre plantefelt fleire stader i Lindås, og mange av desse har byrja å spreie seg.

Vestamerikansk hemlokk er vurdert å ha svært høg risiko for negativ påverknad på stadeige biologisk mangfald. Den spreier seg raskt og kan danne tette bestand som fortrengjer andre artar. Om det ikkje blir gjort noko for å halde hemlokk i sjakk, kan arten på lang sikt truleg bli dominerande treslag mange stader langs Vestlandskysten. Ei av Fylkesmannen sine oppgåver er å stimulere til tiltak mot framande, skadelege artar, og vestamerikansk hemlokk er ein av artane vi ønskjer å prioritere tiltak mot.

Lindås kommune har tidlegare, frå 2012 til 2016, mottatt kr. 160.000 til tiltak mot vestamerikansk hemlokk. Frå arbeidet tok til i 2012 har mykje blitt fjerna, men det står framleis mykje att. Kommunen har avtale med personell som kan utføre dette arbeidet. Arbeidet omfattar hogst av frøtre og eterrydding av småtre.

Følgjande vilkår er knytt til tilskotet:

1. Etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret
2. Riksrevisjonen og Fylkesmannen har rett til å føre tilsyn med at tilskotet blir nytta i samsvar med føresetnadane
3. Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis tilbakebetalt om tilskotet ikkje er brukt som føresett



Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*